

# DET NORSKE TEATRET



PROGRAM  
NOVEMBER 2014 – VÅR 2015

# VELKOMMEN I TEATERET

...OG FØLG OSS PÅ

facebook.com/detnorsketeatret

Twitter: @detnorsketeatre

Instagram: detnorsketeatret

## DET NORSKE TEATRET

Kristian IVs gate 8, 0164 Oslo

[www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no)

# PROGRAM 2014

## HOVUDSCENEN

WOYZECK  
BRØRNE LØVEHJARTE  
SPELEMANN PÅ TAKET  
SHOCKHEADED PETER

## SCENE 2

KALVØ  
HAMLET  
OKSE OG ESEL  
TROST I TAKLAMPA

## SCENE 3

JEPPE  
SENSURERT  
HAUGTUSSA  
EIT HAV AV SLIKE SOM KASPAR HAUSER  
DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN NATTA

For speleplan og informasjon om  
**Lunsj & Lyrikk, Bikubekveld** og **EventyrForteljeTeaterStund**:  
sjå [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no)

«Stil og form,  
scenografi og musikk  
– alt smelter sammen i et  
eventyrlig og ofte magisk uttrykk»

AFTENPOSTEN

«storslått og vakkert  
lagt opp» DAGSAVISEN

«ren, klar og usentimental  
forestilling» DAGBLADET

Om eventyr,  
kjærlighet og mot



# BRØRNE LØVEHJARTE

Av Astrid Lindgren

Dramatisering og regi: Svein Sturla Hungnes

## SPEKTAKULÆRT OG EVENTYRLEG FOR BARN

Astrid Lindgrens *Brørne Løvehjarte* er ei av dei vakraste historiene vi har i skandinavisk barnelitteratur.

Regissør Svein Sturla Hungnes har laga ei nydramatisering av forteljinga om Kavring og Jonatan Løvehjarte, brørne som ikkje ein gong døden kan skilje, kor draum og verkelegheit flyt saman i eit visuelt og fantasieggande scenerom. Passar for vaksne og barn frå 7 år.


## SPELEPLAN

November og desember, og i 2015.

Sjå [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no) for speleplan.

## BILLETTAR

Ord. kr 280, same pris for barn og vaksne | ungdomskort kr 100 | rabattar



# SHOCK HEADED PETER

Av Julian Crouch  
og Phelim McDermott  
Originalmusikk: The Tiger Lillies  
Omsetjing: Are Kalvø  
Regi: Erik Ulfby




«EN FRYD FOR BÅDE ØYNE,  
ØRER OG VÅRE MØRKE SIDER»

VG

«GENIAL ONDSKAP  
FRA MONSTERGODT ENSEMBLE»

AFTENPOSTEN





«ROCKA HORRORSHOW»  
DAGBLADET

## EKSTRAFRAMSYNINGAR MED KJEMPESUKSESSEN SOM VANN KOMIPRISEN 2014!

Den bejubla musikalen er sett av meir enn 27 000, og er noko så uvanleg som ein barnemusikal for vaksne. Eit mørkt og makabert univers der det går riktig ille for barn som ikkje gjer som foreldra deira seier.

*Shockheaded Peter* overskrid musikalen som sjanger, og musikken er ein miks av sirkus og kabaret. I spissen for bandet står Espen Beranek Holm, og Vidar Magnussen losar oss gjennom villskapen i rolla som seremonimester.

### SPELEPLAN

November og desember, og i 2015.  
Sjå [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no) for speleplan.

### BILLETTAR

Ord. kr 450 | ungdomskort kr 100 | rabattar

### KOMIPRISEN 2014

ÅRETS  
SCENEFORSTILLING  
ÅRETS MANNLIGE  
SCENEKOMIKER:  
VIDAR MAGNUSSEN

# WOYZECK

Av Georg Büchner. I ein versjon av Robert Wilson,  
med musikk og songtekstar av Tom Waits  
og Kathleen Brennan. Omsetjing: Jon Fosse.  
Regi: Lasse Kolsrud

## EIT MUSIKALSK MARERITT

Blandinga av Tom Waits' musikk og Büchners brutale klassikar om soldaten Woyzeck, var ein gigantsuksess etter urpremieren i København, og blei sett av tusenvis. 29. august var det noegspremiere på Det Norske Teatret, og stykket blei svært godt mottatt.



«enda en svær forestilling  
fra Det Norske Teatret!» VG



«Sterkt om svakhet»  
DAGBLADET





«Woyzeck er en usedvanlig sterk og spennende start på høstsesongen»

KLASSEKAMPEN

### SPELEPLAN

November og desember. Siste gong 13. desember!  
Sjå detnorsketeatret.no for speleplan.

### BILLETTAR

Ord. kr 465 | ungdomskort kr 100 | rabattar

# SPELEMANN PÅ TAKET

Av Joseph Stein, Jerry Bock og Sheldon Harnick  
Omsetjing: Hartvig Kiran. Regi Erik Ulfsby

## SETT AV OVER 47 000 SISTE RUNDE MED EKSTRAFRAMSYNINGAR!

I år var det 47 år sidan Lasse Kolstad for første gong kom inn på scenen med kjerra si som mjølkemannen Tevje i denne ikoniske musikalen. Dagens Tevje, Pål Christian Eggen, har vist seg verdig til å overta draumen til Tevje og songstrofa som blei Kolstad sitt varemerke; «Om eg var ein rik mann...».


## SPELEPLAN

November og desember. Siste gong 31. desember!  
Sjå [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no) for speleplan.

## BILLETTAR

Ord. kr 530 | ungdomskort kr 100 | rabattar





«STORSLÅTT  
HISTORISK SAGA»  
DAGBLADET



«STORSLÅTT SPELEMANN»  
VG

«SPELEMENN I NY OG  
LEVENDE DRAKT»  
DAGSAVISEN

«Sterk Blokhus»

DAGBLADET

«en særdeles velkomponert  
og velflytende Hamlet-  
oppsetning»

KLASSEKAMPEN

«Regissør Peer Perez Øian  
har skapt en rik og  
moderne Hamlet»

DAGSAVISEN



# HAMLET

Av William Shakespeare

Omsetjing: Edvard Hoem. Regi: Peer Perez Øian

## VERDAS MEST KJENTE TEATERSTYKKE!

Kvifor er vi i generasjon etter generasjon så fascinerte av dette skodespelet? Kanskje fordi *Hamlet* femnar så mange grunnleggande og eksistensielle tema?

**NB! ALT UTSELD I 2014**

**EKSTRAFRAMSYNINGAR I 2015 I SAL NO!**

## SPELEPLAN

November og desember, og i 2015.

Sjå detnorsketeatret.no for speleplan.

## BILLETTAR

Ord. kr 320/ungdomskort kr 100/rabattar

# KALVØ

**EIN TIME AV LIVET DITT DU ALDRI FÅR TILBAKE**

Av og med Are Kalvø. Regi: Erik Ulfsby

Er vi som lever her og no i stand til å gjere noko stort? Eller har vi rett og slett for mykje anna å gjere? Dette vil Are Kalvø prøve å finne ut.

**URPREMIERE 31. OKTOBER**

## SPELEPLAN

November og desember, og i 2015.  
Sjå detnorsketeatret.no for speleplan.

## BILLETTAR

Ord. kr 390 | ungdomskort kr 100 |  
rabattar



# TROST I TAKLAMPÅ

Av Alf Prøysen.

Dramatisert av Kristin Auestad Danielsen

Regi: Marit Moum Aune

## SPELEPLAN

Siste 2 gonger: 13. november  
og 13. desember

## BILLETTAR

Ord. kr 320 |  
ungdomskort kr 100 |  
rabattar



# OKSE OG ESEL

## EI JULEFORTELJING FOR BARN

Av Norbert Ebel. Omsetjing: Carl Morten Amundsen. Regi: Kim Sørensen

### KOSELEG JULESTEMNING, MUSIKK OG HUMOR!

Alt er klart til jul i stallen hos Okse og Esel. Dei har laga verdas lengste julelenke, dei har nok høyr og dei har julekalender. Men plutselig oppdagar dei at det ligg eit lite barn midt i matfatet deira! Okse vil ikkje ha det der, men Esel har ikkje samvit til å sette det ut i kulda. Kva skal dei gjere med ungen?

Både store og små vil komme i julestemning av denne vakre, vesle framsyninga som på same tid både er og ikkje er historia frå juleevangeliet. Passar for barn frå 4 år.

### NYPREMIERE 14. NOVEMBER

#### SPELEPLAN

November og desember. Sjå [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no) for speleplan.

#### BILLETTAR

Ord. kr 200, same pris for barn og vaksne/ungdomskort kr 100/rabattar





# DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN NATTA

Av Mark Haddon. Dramatisert av Simon Stevens  
Omsetjing: Jon Fosse. Regi: Trine Wiggen

## NYE EKSTRAFRAMSYNINGAR!

Mark Haddons bestseljar-roman frå 2003 er blitt til gripande teater, og er ei vakker historie om ein gut som er annleis, men med kjensler og draumar som alle andre.

## SPELEPLAN

November og desember, og i 2015.  
Sjå detnorsketeatret.no for speleplan.

## BILLETTAR

Ord. kr 210 |  
ungdomskort kr 100 | rabattar



«Dette er teater du bør få sett»  
DAGBLADET

# HAUGTUSSA

Av Arne Garborg. Omarbeidd av Ane Dahl Torp  
Regi: Ane Dahl Torp og Erik Ulfsby

## INTENST OG LYRISK OM KJÆRLEIK OG LENGT

Ane Dahl Torp har klipt og limt i Arne Garborgs *Haugtussa*. Ektemann og komponist Sjur Miljeteig har laga ny musikk til. Resultatet er eit musikalsk forteljarteater som flørtar med mørkret frå rockescenen.



«Poetisk og rå»

VG

## SPELEPLAN

November og desember, og i 2015.  
Sjå [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no) for speleplan.

## BILLETTAR

Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar



# JEPPE

## EIN DIKTAR I EIGEN KOMEDIE

Av Lothar Trolle, etter Ludvig Holbergs skodespel. Omsetjing: Carl Morten Amundsen. Regi: Uwe Cramer.

## EIN JEPPE AV I DAG

Da Ludvig Holberg skreiv komedien om *Jeppe på Berget* i 1722, var det politiske systemet like kriseramma som Europa er i dag. Den tyske dramatikaren Lothar Trolle har flytta konflikten og kjernespora til vår tid.

## SPELEPLAN

November og desember.  
Sjå [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no) for speleplan.

## BILLETTAR

Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar

«Lattervekkende,  
effektivt og dypt  
pessimistisk»

DAGBLADET



# SENSURERT

Av Kim Atle Hansen. Regi: Kai Johnsen

## KVA YTRINGAR KAN VI GODTA I 2014?

Ytringsfridomen er uproblematisk så lenge han ikkje blir tydeleg utfordra. Det gjer Kim Atle Hansen i sitt vinnarbidrag til Dramatikarforbundets konkurranse om refleksjonar rundt Paragraf 100 i Grunnlova, «Ytringsfrihed bør finde Sted». Han har laga eit tankeeksperiment, der hendingane ikkje finn stad på scenen, men blir grundig omtalte og lufta.

**URPREMIERE 20. NOVEMBER**

**SPELEPLAN** November og desember. Sjå [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no) for speleplan.

**BILLETTAR** Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar

# BIKUBEKVELD

Kvar fredag kl. 22.30 inviterer vi til musikalsk kveld i Bikuben.

**7. NOVEMBER:**

## **MONOLOGBONANZA 5**

June Kristansen,  
Mary Sarre, Liv Landmark,  
Kari Flock, Oddrun Valestrand,  
Anette Løbach, Merete Røed,  
Helle Løkken Gilje, Signe  
Alexandra Domogalla,  
Andrea Skogtrø Eggan.

**14. NOVEMBER:**

## **GAMMALT SØLV**

Ein konsert med VoiceOver.

**21. NOVEMBER:**

## **JIDDISCHKEIT**

Ein konsert med Gjertruds  
Sigøynerorkester og  
Bente Kahan.

**28. NOVEMBER:**

## **MIMMI TAMBA**

Mimmi Tamba, Magnus  
Falkenberg, Hans Marius  
Indahl, Sjur Husom Vonen,  
Simen Korsmo Robertsen,  
Farida Bennis og Karoline  
Gjertsen.

**5. DESEMBER:**

## **JULEKONSERT**

Espen Bråten Kristoffersen og  
Heidi Gjermundsen Broch.

Sjå [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no)  
for oppdatert program.

**BILLETTAR: kr 100**



# REPERTOARET VÅREN 2015

## **BRAND** av Henrik Ibsen

Regi: Kjetil Bang-Hansen. Premiere 9/1 på Hovudscenen

Svein Tindberg og Kjetil Bang-Hansen arbeider saman igjen. Det handlar framleis om gudstru, men denne gongen møter vi ei tru så sterk at ho blir til fanatisme. Trua på kjærleikens Gud krev så store offer at ho øydelegg livet.

## **MOR COURAGE OG BARN HENNAR** av Bertolt Brecht.

Regi: Lars-Ole Walburg. Premiere 13/2 på Hovudscenen

Med *Mor Courage og barna hennar* skreiv Bertolt Brecht ein av sine aller største teatersuksessar. Stykket vart til i 1939/40 då Brecht levde i skandinavisk eksil etter å ha flykta frå naziregimet i Tyskland. Marketenterska, Mor Courage lever av krigen, trettiårskrigen, prisen ho betaler kostar henne dyrt.

## Musikalen **SWEENEY TODD** av Stephen Sondheim og Hugh Wheeler

Regi: Erik Ulfsby. Premiere 20/3 på Hovudscenen

*Sweeney Todd* er eit musikalsk univers som ligg innanfor ein estetikk Det Norske Teatret er i ferd med å få eit godt grep om. Igjen inviterer vi til eit spektakulært og skakt vågestykke og trekkjer vekslar på tidlegare framsyningar som *Shockheaded Peter* og *Woyzeck*.

## **RYTMAR FRÅ VERDSROMMET** av Carl Morten Amundsen og Peter Baden

Regi: Audny Chris Holsen. Urpremiere 16/1 på Scene 2

Vi er i eit land der rytmar er forbode, berre einstonig musikk er tillatt. Rådsformannen som har makta i landet liker ikkje uorden, hatar å ikkje ha kontroll, og med musikk veit ein aldri, ein kan bli bergtatt, ein kan begynne å danse, ein kan begynne å improvisere, finne på ting, sleppe kjenslene laus. Alt dette og meir til skjer i denne visuelle teaterleiken der bilete og rytmar tar heilt av.

## **I EINSEMDA PÅ BOMULLSMARKENE** av Bernard-Marie Koltès

Regi: Tormod Carlsen. Premiere 20/2 på Scene 2

To menn, ein kjøpar og ein seljar, møter kvarandre på ein stad, i ei tid, der ein ikkje kan ta noko som helst for gitt. Kven dei to er, er eit underordna spørsmål, det viktige er sjølve møtet, situasjonen som utviklar seg mellom dei to ukjende.

## **FUGLETRIBUNALET** av Agnes Ravatn. Dramatisert av Ingrid Weme Nilsen

Regi: Marit Moum Aune. Urpremiere 21/3 på Scene 2

Med *Fugletribunalet* vann Agnes Ravatn P2-lyttaranes romanpris i 2013 og fekk Ungdommens kritikarpris i 2014. Boka er ein psykologisk thriller om historikar og tv-kjendis Allis Hagtorn og hennar flukt frå ein pinleg kjærleiksskandale med påfølgjande offentleg skittentøyvask. Ei flukt, skal det vise seg, frå vondt til verre.

## **LUCKY HAPPINESS GOLDEN EXPRESS** av Noah Haidle

Regi: Jesper Berglund. Noregspremiere 23/1 på Scene 3

Familiesoga *Lucky Happiness Golden Express* fortel om korleis sjølve illusjonen om lykke er med på å gjere menneska ulykkelege.



**VI SOM FØLER ANNLEIS** av Carl Johan Karlson og ensemblet, inspirert av Øivind Eckhoffs bok  
Regi: Carl Johan Karlson. Uropremiere 21/2 på Scene 3

Øivind Eckhoff vart ein pioner i den norske humorørsla da han i 1957 skreiv opplysningsboka *Vi som føler annerledes* under pseudonymet Finn Grodal. På den tida var homoseksualitet enno straffbart. No vender vi tilbake til denne klassikaren og spør kvifor homsar framleis blir svette når dei skal fortelje det til mamma, kvifor dei får juling i skulegarden og enno har seg i parkar.

**BU BETRE** av Mungo Park med fleire  
Regi: Catrine Telle. Norespremiere 14/3 på Scene 3

*Bo Bedre* er Nordens største interiørmagasinet og har i fleire tiår inspirert og realisert husdraumar over heile Skandinavia. Det danske teaterkompaniet Mungo Park har grave djupt i årgangane og med ironisk snert og lun humor går dei laus på heimen vår og sjølv fenomenet bu betre, og spør seg kvifor vi aldri gir opp håpet om ein gong å kunne bu endå betre.

## I REPERTOAR:

HAMLET

KALVØ

HAUGTUSSA

STORT OG STYGT

BRØRNE LØVEHJARTE

SHOCKHEADED PETER

DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN NATTA

**LES MEIR OM REPERTOARET PÅ [DET.NORSKETEATRET.NO](http://DET.NORSKETEATRET.NO)**

# PRAKTISK INFO

## GI EI TEATERGÅVE

Gi ei gåve ingen har frå før – ei teateroppleving! Kjøp gåvekort på [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no) eller i billettluke. Du bestemmer sjølv kva sum du ønskjer å gi og gåvekortet gjeld i to år frå det er utskrive.

## BILLETTBESTILLING

Kjøp billett på nett eller i billettluke. Billettluke er open: mån. kl 11–17, tys.–fre. kl. 11–19.30, laur. kl. 11–17.30. Telefontid: mån.–fre. frå kl. 10–19, laur. frå kl. 11. Ved nettkjøp kan du velje e-billett eller [print@home](mailto:print@home) og skrive ut billettane sjølv.

## FÅ TEATERINFO

Meld deg på nyheitsbrevet vårt! Som mottakar av nyheitsbrevet får du gode teatertilbod, nytt om repertoaret og informasjon om publikumstreff rett til e-posten din.

## BESØK OSS

Leitar du etter parkering når du skal i teatret? Næraste parkeringshus er Sentrum P-hus, innkøyring ved Munchs gate og Hammersborgtunnelen (Ring 1). Parkering for funksjonshemma vis-à-vis Nasjonalgalleriet i Universitetsgata.

## **KAFE LØVE**

Restaurant Kafe Løve tilbyr ein rikholdig lunsj- og middagsmeny. Du kan også bestille forfriskingar til pausen i framsyningane.

Sjekk meny og opningstider på [www.kafelove.no](http://www.kafelove.no)  
For bestilling av bord: tlf. 22 47 39 70 eller [post@kafelove.no](mailto:post@kafelove.no)



# PRAKTISK INFO

## DEL DINE OPPLEVINGAR HOS OSS

Bruk emneknapp #detnorsketeatret  
på Instagram og Twitter

**DET  
NORSKE  
TEATRET**

